



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 15.09.2016
Tid: 19:00 – 22:10

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasman	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Karl Rune Hansen	Torleiv Hvistendahl	AP
Elise Lauvrak	Nils Kristian Moe	AP
Gjermund Zakarias Bergsland	Kjell Sverre Thoresen	SP
Arne Dag Lassemo	Guro Blessum Libjå	SP
Janne Lunden Teksle	Per Helge Seltveit	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
64/16 – 74/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 64/16	Referatsaker
PS 65/16	Søknad om sals- og skjenkeløyve for alkohol - Skræi AS
PS 66/16	Regionreforma - uttale til Telemark fylkeskommune
PS 67/16	Høyring - Kommunelovutvalets utgreiing 2016:4
PS 68/16	Høyringsnotat om nye oppgåver til større kommunar
PS 69/16	Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt
PS 70/16	Samarbeidsavtale mellom Telemark fylkeskommune og Fyresdal kommune 2016-2019
PS 71/16	Revidering av festeavgiftene 2016
PS 72/16	Gardar, Meinstad og kommunehus - kva no?
PS 73/16	Vidareføring av frivilligsentralen
PS 74/16	Kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2016-2019

Fyresdal 8. september 2016

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Arbeiderpartiet ynskjer ei drøftingssak i kveld om utlysing av fast legestilling.
- Dette vil bli drøfta etter sakslista.

PS 64/16 Referatsaker

RS 12/16 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 13/16 Orienteringar

RS 14/16 Orientering frå lensmannen i Fyresdal

RS 15/16 ungdata - orientering ved Torhild Bondal

RS 16/16 Høyringsuttale NTP 2018-2029

RS 17/16 Kommunereforma - vidare prosess for kommunar etter 1. juli

I møtet:

- Referatsak 14 utgår då lensmannen har meldt forfall.
- Torhild Bondal presentera resultatane frå "UngData"-undersøkelsen i 2015.
- Kommunestyret ynskjer å gje fylgjande signal til tilsetjingsutvalet for lege:
 - Ein bør legge vekt på førebyggjande helsearbeid i tråd med vedteken folkehelseplan. Der ein legg særleg vekt på bruk av utradisjonelle verkemiddel.
 - Ein bør profilere bygdas gode moglegheit for jakt og friluftsliv.

Spørsmål frå Tor Inge Levang:

Må Fyresdal kommune vere med i BTV Innkjøp og må ein ha sentralt styrte innkjøpsavtaler på varer som ein kan handle lokalt, spesielt matvarer?

- Rådmannen svara at ein etter lov om offentlege anskaffelser er pålagte å ha innkjøpsavtaler i tråd med loven. Fyresdal kommune har valt å vere medlem i BTV Innkjøp som administrerar avtaler på vegne av kommunar i Telemark, Buskerud og Vestfold. Men her er det også andre moglegheit, mellom anna skal det nå arbeidast med innovativt innkjøp i samarbeid med Telemark Fylkeskommune.
- Når det er inngått avtale er vi forplikta til å bruke desse innanfor dei vareområda som avtala omfattar. Når det gjeld avtale om kolonialvarer er dette ei spesifikt område og gjeld ikkje for bl.a. brødvarer som er eit anna avtaleområde. Fyresdal kommune vil handle lokalt så langt dette let seg gjere.

PS 65/16 Søknad om sals- og skjenkeløyve for alkohol - Skræi AS

Innstilling frå rådmannen:

1.Skræi AS får løyve til å skjenke alkohol i gruppe 1og 2 i perioden 15.09.16-30.06.20 i Roan Kroa, Hauggrend. Vedtaket gjelder for både inne- og uteområde det er søkt om.

2. Skræi AS får ikkje løyve til sal av alkohol i gruppe 1 på bakgrunn at det ligg i same lokale som skjenkestaden, og det er ikkje tydleg adskilt frå skjenkestaden. Kommunen ser at det kan vera vanskeleg å utføre ein tilfredstillande kontroll mellom sal- og skjenking då salstaden er open mot der det vert utøvd skjenking.

3. Dagleg leiar må gjennomføre og få godkjent kunnskapsprøva om alkohollova innan 2 mnd frå vedtaket gjeld.

4. Det gjevast unntak for krav om stedfortredar på grunn av storleiken på verksemda.

5. Dagleg leidar forpliktar seg til at alkohollova med forskrifter må bli fylgt. Samt dei alkoholpolitiske retninglinene for Fyresdal kommune.

6. Det skal for kvart sal- og skjenkesløyve betalast gebyr jfr.alkohollova §7-1. Gebyret vert rekna ut på grunnlag av faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk, minimum kr. 4.800,- på skjenkeløyve og minimum kr. 1.540,- på sal. Løyvehavaren skal kvart år uoppfordra sende inn omsetningsoppgåve til Fyresdal kommune innan den 01.02.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

1.Skræi AS får løyve til å skjenke alkohol i gruppe 1og 2 i perioden 15.09.16-30.06.20 i Roan Kroa, Hauggrend. Vedtaket gjelder for både inne- og uteområde det er søkt om.

2. Skræi AS får ikkje løyve til sal av alkohol i gruppe 1 på bakgrunn at det ligg i same lokale som skjenkestaden, og det er ikkje tydleg adskilt frå skjenkestaden. Kommunen ser at det kan vera vanskeleg å utføre ein tilfredstillande kontroll mellom sal- og skjenking då salstaden er open mot der det vert utøvd skjenking.

3. Dagleg leiar må gjennomføre og få godkjent kunnskapsprøva om alkohollova innan 2 mnd frå vedtaket gjeld.

4. Det gjevast unntak for krav om stedfortredar på grunn av storleiken på verksemda.

5. Dagleg leidar forpliktar seg til at alkohollova med forskrifter må bli fylgt. Samt dei alkoholpolitiske retninglinene for Fyresdal kommune.

6. Det skal for kvart sal- og skjenkesløyve betalast gebyr jfr.alkohollova §7-1. Gebyret vert rekna ut på grunnlag av faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk, minimum kr. 4.800,- på skjenkeløyve og minimum kr. 1.540,- på sal. Løyvehavaren skal kvart år uoppfordra sende inn omsetningsoppgåve til Fyresdal kommune innan den 01.02.

PS 66/16 Regionreforma - uttale til Telemark fylkeskommune

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune er skeptisk til samanslåing av både fylkesmann og fylkeskommunar. Fyresdal kommune meiner at regjeringa, som i kommunereforma, ikkje skal bruke tvang for å slå saman fylkeskommunar. Fylkesmannens verkeområde bør vere den Ved frivillig samanslåing av fylkeskommunar er det naturleg at fylkesmannen får same regioninndeling som dei nye fylkeskommunane.
2. Om Telemark fylkeskommune i sine forhandlingar med Vestfold fylkeskommune eller Aust-Agder fylkeskommune oppnår ei samanslåing ynskjer Fyresdal Agder-alternativet.
3. Fyresdal kommune ser det som det beste alternativet at Telemark fylkeskommunen held fram som i dag og samarbeider med dei andre regionane framfor samanslåing.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

1. Fyresdal kommune er skeptisk til samanslåing av både fylkesmann og fylkeskommunar. Fyresdal kommune meiner at regjeringa, som i kommunereforma, ikkje skal bruke tvang for å slå saman fylkeskommunar. Fylkesmannens verkeområde bør vere same som for frivillig samanslåing av fylkeskommunar. Då er det naturleg at fylkesmannen får same regioninndeling som dei nye fylkeskommunane.
2. Om Telemark fylkeskommune i sine forhandlingar med Vestfold fylkeskommune eller Aust-Agder fylkeskommune oppnår ei samanslåing ynskjer Fyresdal Agder-alternativet.
3. Fyresdal kommune ser det som det beste alternativet at Telemark fylkeskommunen held fram som i dag og samarbeider med dei andre regionane framfor samanslåing.

PS 67/16 Høyring - Kommunelovutvalets utgreiing 2016:4

Innstilling frå rådmannen:

Kommunestyret godkjenner vedlagte drøftingsnotat med justeringar som svar til høyringa for ny kommunelov.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte notat.

Framlegg frå Senterpartiet v/ Elisabeth Gasman:

Spørsmål 8 – Støttar KS sitt forslag – Ordførar bør kunne suspenderast av kommunestyret med 2/3 dels fleirtal når særlege grunnar tilsei det. Varaordførar likestillast med ordførar.

12 røyster for framlegget

Under punkt 3 i notatet bør punktet - at det skal vere eit krav om utarbeiding av eigarskapsmeldingar – strykast.

6 røyster for framlegget

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte notat med fylgjande endring:

Ordførar bør kunne suspenderast av kommunestyret med 2/3 dels fleirtal når særlege grunnar tilsei det. Varaordførar likestillast med ordførar.

PS 68/16 Høyringsnotat om nye oppgaver til større kommunar

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune har ikkje merknader til framlegget til nye oppgaver i kapittel 3.
2. Fyresdal kommune ber om at staten utgreier om skuleskyss er ei oppgåve som er lagleg for kommunane å overta.
3. Fyresdal kommune ber om at staten utgreier om tannhelsetenesta er ei oppgåve som er lagleg for kommunane å overta.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune har ikkje merknader til framlegget til nye oppgaver i kapittel 3. Skuleskyss og tannhelseteneste bør framleis ligge hos fylkeskommunen.

Samrøystes for framlegg frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune har ikkje merknader til framlegget til nye oppgaver i kapittel 3. Skuleskyss og tannhelseteneste bør framleis ligge hos fylkeskommunen.

PS 69/16 Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt

Fyresdal kommune deltek i prosjekt for å fremje det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016

Rådmannen orienterte om saka.

Samrøystes som innstilling.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Formannskap - 07.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 07.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 14.09.2016

Rådmannen orienterte om saka og om planlagt arbeid lokalt.

Vi tek opp saka administrativt med tillitsvalde, avdelingsleiarar og kommunalsjefar den 3. oktober, så vidare til formannskapet 5. oktober før det kjem opp i Vest-Telemark rådet i midten av oktober.

Samrøystes som innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 14.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Tilleggsframlegg frå AP v/Olav Gisle Noraberg:

Kommunestyret ynskjer at områda landbruk og helse vert prioritert i fyrste omgang.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet med tilleggsframlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet. Kommunestyret ynskjer at områda landbruk og helse vert prioriterte i fyrste omgang.

PS 70/16 Samarbeidsavtale mellom Telemark fylkeskommune og Fyresdal kommune 2016-2019

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune godkjenner samarbeidsavtala mellom Telemark fylkeskommune og Fyresdal kommune 2016-2019 slik ho ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Rådmannen la fram eit nytt punkt og ei endring på eit punkt som Telemark Fylkeskommune ynskjer å ta inn i avtala:

- Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune skal samarbeide om å utvikle leverandørane i regionen til å bidra til innovative innkjøp i kommunen gjennom leverandørutviklingsprogrammet.
- Fyresdal kommune har forskottert bygging av G/S-veg langs FV 355. Telemark fylkeskommune har i sak H.S 15/12 forplikta seg til å tilbakebetale 3 millionar kroner utan å fastsetje ei tid. Det er laga ei avtale for dette.

Samrøystes for å godkjenne avtala med dei endringane som vart lagt fram i møte

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune godkjenner samarbeidsavtala mellom Telemark fylkeskommune og Fyresdal kommune 2016-2019.

PS 71/16 Revidering av festeavgiftene 2016

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune godkjenner vedtaket i Fyresdal Sokneråd om endring i festeavgiftsordninga. Festeavgift frå og med 2016 vert kr 100,- pr. grav pr. år med ei festetid på 5 år.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune godkjenner vedtaket i Fyresdal Sokneråd om endring i festeavgiftsordninga. Festeavgift frå og med 2016 vert kr 100,- pr. grav pr. år med ei festetid på 5 år.

PS 72/16 Gardar, Meinstad og kommunehus - kva no?

Innstilling frå rådmannen:

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Elisabeth Gasmann reiste spørsmål om sin habilitet som konstituert dagleg leiar i Telemark Lys AS og vart samrøystes kjent ugild i saka. Ho deltok ikkje i den vidare handsaming og det var ikkje kalla inn vara.

Anne Serine Nærum reiste spørsmål om sin habilitet som 1.vara til styret i Telemark Lys AS med fast møterett. Ho vart samrøystes kjent habil i saka.

Martha S. Momrak og Karl Rune Hansen som tilsette i Telemark Lys AS vart kjent habile i saka.

Samrøystes i samsvar med vedtaka i hovudutvala for plan og miljø og oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

PS 73/16 Vidareføring av frivilligsentralen

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune forlengar eksisterande avtale med Telemark Lys AS om drift av frivilligsentral ut kalenderåret 2017.

For denne perioden mottok Telemark Lys AS årleg statstilskot på kr 155.000 for åra 2015 og 16 og øyremerka midlar for 2017. I tillegg behold dei kr 100.000 i lokal medfinansiering for 2015 og 2016 og kommunen stiller om ønskjeleg fritt kontor til disposisjon for same perioden.

Telemark Lys AS må legge fram ein evalueringsrapport om drift av frivilligsentralen innan utgangen av september 2017.

Om kommunestyret ynskjer fortsatt drift av frivilligsentralen utover 2017 kan det gjerast avtale om dette med Telemark Lys AS eller andre. Føresetnaden er at stillingsstorleiken for dagleg leiar er tilfredsstillande og at det ikkje løyser ut kommunal medfinansiering utover statlege øyremerkta midlar. Når statlege tilskot fullt ut blir overført i ramma frå 2021 skal kommunestyret på nytt gjere ei vurdering om frivilligsentralen skal vidareførast.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

Protokolltilførsel frå Torleiv Veum:

Frivilling "dugnadsarbeid" er, og bør vere ein viktig aktivitet for eldre, og einskilde funksjonshemma.

I Fyresdal er utkøyring av mat til eldre eit døme på dette.

Aktivitet og sosial kontakt er viktig for å halde eldre folk friske så lenge som mogleg.

Frivilligsentral bør styrast av kommunen, bl.a. med kontakt med omsorgstenesta, skulen og kultursektoren.

REMNF bør og kunne vere rådgjevande organ for frivilligsentralen.

Ein vil råd til at Fyresdal kommune sjølv styrer og driv Frivilligsentralen, og sier opp avtala med aksjeselskapet Telemark Lys AS.

Samrøystes som rådmannens tilråding med tillegg for at Fyresdal kommune og Telemark Lys skal samarbeide om utforming av arbeidsavtale for den som blir tilsett i frivilligsentralen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2016

Fyresdal kommune forlengar eksisterande avtale med Telemark Lys AS om drift av frivilligsentral ut kalenderåret 2017.

For denne perioden mottok Telemark Lys AS årleg statstilskot på kr 155.000 for åra 2015 og 16 og øyremerkta midlar for 2017. I tillegg behold dei kr 100.000 i lokal medfinansiering for 2015 og 2016 og kommunen stiller om ønskjeleg fritt kontor til disposisjon for same perioden.

Telemark Lys AS må legge fram ein evalueringsrapport om drift av frivilligsentralen innan utgangen av september 2017.

Om kommunestyret ynskjer fortsatt drift av frivilligsentralen utover 2017 kan det gjerast avtale om dette med Telemark Lys AS eller andre. Føresetnaden er at stillingsstorleiken for dagleg leiar er tilfredsstillande og at det ikkje løyser ut kommunal medfinansiering utover statlege øyremerkta midlar. Når statlege tilskot fullt ut blir overført i ramma frå 2021 skal kommunestyret på nytt gjere ei vurdering om frivilligsentralen skal vidareførast.

Fyresdal kommune og Telemark Lys skal samarbeide om utforming av arbeidsavtale for den som blir tilsett i frivilligsentralen.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Fyresdal kommune forlengar eksisterande avtale med Telemark Lys AS om drift av frivilligsentral ut kalenderåret 2017.

For denne perioden mottok Telemark Lys AS årleg statstilskot på kr 155.000 for åra 2015 og 16 og øyremerkta midlar for 2017. I tillegg behold dei kr 100.000 i lokal medfinansiering for 2015 og 2016 og kommunen stiller om ønskjeleg fritt kontor til disposisjon for same perioden.

Telemark Lys AS må legge fram ein evalueringsrapport om drift av frivilligsentralen innan utgangen av september 2017.

Om kommunestyret ynskjer fortsatt drift av frivilligsentralen utover 2017 kan det gjerast avtale om dette med Telemark Lys AS eller andre. Føresetnaden er at stillingsstorleiken for dagleg leiar er tilfredsstillande og at det ikkje løyser ut kommunal medfinansiering utover statlege øyremerka midlar. Når statlege tilskot fullt ut blir overført i ramma frå 2021 skal kommunestyret på nytt gjere ei vurdering om frivilligsentralen skal vidareførast.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Elisabeth Gasmann reiste spørsmål om sin habilitet som konstituert dagleg leiar i Telemark Lys AS og vart samrøystes kjent ugild i saka. Ho deltok ikkje i den vidare handsaming og det var ikkje kalla inn vara.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune forlengar eksisterande avtale med Telemark Lys AS om drift av frivilligsentral ut kalenderåret 2017.

For denne perioden mottok Telemark Lys AS årleg statstilskot på kr 155.000 for åra 2015 og 16 og øyremerka midlar for 2017. I tillegg behold dei kr 100.000 i lokal medfinansiering for 2015 og 2016 og kommunen stiller om ønskjeleg fritt kontor til disposisjon for same perioden.

Telemark Lys AS må legge fram ein evalueringsrapport om drift av frivilligsentralen innan utgangen av september 2017.

Om kommunestyret ynskjer fortsatt drift av frivilligsentralen utover 2017 kan det gjerast avtale om dette med Telemark Lys AS eller andre. Føresetnaden er at stillingsstorleiken for dagleg leiar er tilfredsstillande og at det ikkje løyser ut kommunal medfinansiering utover statlege øyremerka midlar. Når statlege tilskot fullt ut blir overført i ramma frå 2021 skal kommunestyret på nytt gjere ei vurdering om frivilligsentralen skal vidareførast.

PS 74/16 Kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2016-2019

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vedtek å offentleggjere framlegg til kommunal planstrategi 2016-2019. Det skal så gå minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming av planen, dette i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen, og med fylgjande tillegg:
Fokus på planar som er viktige lokalt.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Fyresdal kommune vedtek å offentleggjere framlegg til kommunal planstrategi 2016-2019. Det skal så gå minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming av planen, dette i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

Fokus på planar som er viktige lokalt.

Handsaming i Kommunestyret - 15.09.2016

Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Kulturminneplan vert teken ut av liste under planbehov før planen sendast på høyring.
11 røyster for framlegget frå Olav Gisle Noraberg.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Kommunestyret - 15.09.2016

Fyresdal kommune vedtek å offentleggjere framlegg til kommunal planstrategi 2016-2019. Det skal så gå minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming av planen, dette i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

Fokus på planar som er viktige lokalt.

Kulturminneplan vert teken ut av liste under planbehov før planen sendast på høyring.